


Faglege og etiske grenser for terapeutisk verksemد



Har ein fyrst, på ein overtydande og entusiastisk måte, valt homøopati som sin terapiform, blir førestillinga om at dette faget aleine ikkje skulle vera nok til å skapa ein levedyktig praksis, svært irriterande. For meg har det vore like vanskeleg som tidkrevjande å koma fram til denne innsikta.

■ Heling lukkast ikkje i kvar einskild tilfelle. Det gjeld også i dei kasus ein vurderar som enkle. I andre kasus, med därlege helingsprognosar, kan ein gong på gong bli overraska over fantastiske resultat. Same kva, satsar ein vidare på regelmessige studium av grunnlitteraturen i homøopatien og homøopatiens sin *materia medica*, for å betra sin terapeutiske dugleik.

Dette er sjølv sagt ei rett og god innstilling, samstundes som ein sjølvkritisk må vurdera om ulike faktorar som hindrar ei heling, påverkar behandlingsresultatet, eller om pasienten i homøopatisk forstand ikkje var sjuk, eller at homøopatiens ikkje var den rette eller indikerte terapiforma.

I slike samanhengar blir det sjeldan vurdert om pasienten sitt gemytt og tenkemåte kan vera ein hinder for kuren. Dersom det heng slik saman, kan det i mange tilfelle heller handla om ei pedagogisk holdning overfor pasienten enn val av eit legemiddel – jfr. Samuel Hahnemann i Organon § 208. Hahnemann presiserar dette ytterlegare i fyrste bind av ”Dei kroniske sjukdomane – deira kur og behandling” s. 140: Terapeuten må alltid gjera sitt beste for å fjerna ”sorg og sinne frå den sjuke. Er det ikkje mogleg å forandra på slike psykiske tilstandar, fordi vedkomande ikkje har nok tiltru i filosofi eller religion til å bera si liding med tålmod og sinnsro som han sjølv ikkje er skuld

i og som ikkje står i han si makt å forandra – og utan at terapeuten er i stand til å medverka til fjerning av desse livsøydeleggjande faktorane; ja, så bør han seia frå seg behandlinga av den kroniske sjukdomen, og overlata den sjuke til sin lagnad – unnteken i dei tilfelle der pasienten har liten eller inga grunn for si sorg eller ergring”.

Moderne homøopatar tek lite omsyn til og reflekterer sjeldan over desse klare grensene eller kontraindikasjoneane for ei homøopatisk behandling, ut frå eit ynskje om i det minste å «understøtta» med noko legemiddelaktig. Det kan ofte vera meir formålstenleg at ei understøtting skjer

meir effektivt gjennom ein samtale, ei oppdragings- eller ernæringsrådgjeving. Ei slik tilnærming står ofte i motsetnad til den sementerte og defensive sjølvoppfatninga av å stå fram som «rein homøopat», som igjen har si årsak i ei vitskapsteoretisk fiendtleggjering av homøopati. Ein må alltid vera åpen for den terapeutiske og helande effekten ein kvar konsultasjon/anamnese kan ha, uansett terapeutisk tilnærming.

Årsaka til at mange utøvarar av homøopati neglisjerar verknaden av slike tilnærmingar, kan vera at faget stadig blir utsett for påstandar om at effekten av homøopatisk medisin kun kviler på placebo. Resultatet er ei defensiv tilbaketrekkjing til ein posisjon som fullstendig fornekta slike innverknadar, sjølv om dette bare kjem i tillegg til den praktiske bruken av den legemiddelbaserte likskapslova som ein aldri kan setja spørsmålsteikn ved.

Dei færraste av våre pasientar oppsøkjer eit senter for homøopati av di dei er fortrulege med grunnprinsippa innan faget og har kunnspak om korleis verknaden av potenserte middel skil seg frå andre terapeutiske tilnærmingar. For dei fleste er homøopati et biverknadsfritt og mildt alternativ som verkar mindre trugande på deira sjølvforståing av det å vera sjuk. Kanskje kan ei ikkje-medikamentell tilnærming derfor skapa større tillit til homøopatiutøvaren si seinare medikamentelle behandling, ved at pasienten sjølv får ta hand om og fjerna belastande livstilstandar i staden for å «delegera» dette til eit legemiddel.

Artikkelen er fyrste gong trykt i det tyske homøopatiske fagtidsskriftet Neues Archiv für Homöopathik. Omsett av John Petter Lindeland og Andreas Hertzber med løyve frå Stefan Reis.



Heilpraktiker Stefan Reis

Gjennom mi mangeårige praksisgjerning konstaterar eg at mine føreskrivingar av homøopatiske legemiddel minkar. Dette har rett nok ikkje utelukkande si årsak i at eg allereie ved fyrste forordning finn det rette middel eller ventar meir tålmodig før eg vekslar til eit anna, men mykje heller ein aukande kunnspak som åpnar blikket for kva pasientar som treng homøopatisk behandling og dei som treng noko anna.

Med denne innstillinga kjenner eg meg i samsvar med Samuel Hahnemann, som hadde ein unik innsikt i kva som var homøopatisk helbart og ikkje.

I motsetnad til Hahnemann kan eg likevel ikkje frita meg frå behandling av kronisk sjuke, sjølv om dei ikkje møter krava eller svarar til forventningane om "å vera lydige, innsiktsfulle og tålmodig" sjuke.

Når eg i mine fyrste praksisår likevel forsøkte å finna dei rette midla og dermed skapte frustrasjon på begge sider av bordet, unngår eg det i dag. I staden tilbyr eg samtalar eller viser til andre terapeutar. Med grunnlag i betre allmenne føresetnadar, er perspektivet dermed alltid å skapa eit godt utfall av ei framtidig homøopatisk behandling.

SABORG-NYTT:

Konsensus om utdanningsstandard

■ På Saborg sitt representantsskapsmøte den 21. november 2008 blei det skapt konsensus om ein minste standard for VEKS-fag. Dette er fyrste steg mot ei standardisering i grunnleggjande fag for alle alternativ medisinske terapeutar uansett terapiform. Saborg vil senda ei oppmøding til Helse- og omsorgsdepartementet om innskjerping av registerforskriftene og knytta dette fagkravet til det frivillige registeret for alternative behandlarar i Brønnøysund.

"SABORG har som siktet mål, og i sitt mandat, en målsetting om å sette standarder for utdanning innen alternativ behandling. Representantskapsmøtet 2007 gjorde et første intensjonsvedtak vedrørende standarder for utdanning. Det kreves en grundigere utredning før standarder kan etableres i de ulike fagene. Det har imidlertid vært enighet om at det må etableres standarder for VEKS-fag (Vitenskapsteori og forskningsmetode, Etikk, Kommunikasjon, samhandling og konfliktløsning, samt Sosial og kommunalkunnskap) innen de utdanningene som per i dag ikke har det. Representantskapsmøtet ser 50 timer innføring i VEKS-fagene som et minimum. Utvikling av rammeplaner for dette fagområdet vil avdekke hvilket framtidig nivå VEKS-fagene bør ha innen de respektive utdanningene. Utdanninger innen alternativ behandling som ikke imøtekommere dette minimumskravet bør ikke gis offentlig godkjennung. Dette minimumskravet bør sees i forhold til utdanningens omfang og varighet. VEKS-fag innen utdanninger som søkes godkjent som høy/fagskoleutdanninger, bør sammenlignes med andre helsefaglige utdanninger av samme omfang. VEKS-faggenes omfang og innhold må vurderes med henblikk på målsettinger for hva som skal være terapeutens arbeidsområde, eksempelvis om terapeuten har et selvstendig behandleransvar, samt grad av intervensjon."